

Sak 5:

Arbeidsprogram for 2019/2020

Lagsbygging

Laget vil fokusere på å skape meir samhald og fellesskapskjensle mellom dei ulike særлага og aktivitetane. Styret vil legge til rette for møteplassar gjennom felles temakveldar, hytteturar og andre arrangement. Målet er at alle som er medlem av Bergen ungdomslag Ervingen skal vite kva aktivitetar laget tilbyr, og kjenne ei kjensle av å høyre til i laget. Styret vil dessutan meir aktivt bruke særлага i planlegging og gjennomføring av arrangement. Vi er eit stort lag, og det er derfor viktig at alle bidreg.

Instruktørar

Styret vil setje fokus på instruktørane i laget. Mange bidreg og gjer ein kjempeinnsats, men kan gjerne kjenne seg litt aleine i arbeidet. Målet for styret er at alle instruktørar skal kjenne til dei andre instruktørane i laget, og at særlagsstyra, ved hjelp av hovudstyret, kan legge til rette for møteplassar for instruktørane. Styret vil òg at instruktørane skal ha moglegheit til å få fagleg fordjuping, og vil derfor prioritere å sende instruktørane på kurs og samlingar.